

Klagenemnda for miljøinformasjon



Nemndsvedtak i sak 05/2008

Klagar: Bolga Velforening
v/ miljøgruppa
Postboks 108
6520 FREI

Innklaga: Alvheim Eiendom AS
Øyaveien 25
6523 FREI

Kva saka gjeld:

Bolga Velforening har klagd Alvheim Eiendom AS inn for Klagenemnda for miljøinformasjon. Velforeninga hadde stilt spørsmål til Alvheim Eiendom AS, men ikkje fått svar. Spørsmåla gjaldt mellom anna handtering av sandblåsesand og eternitt som inneheld asbest.

Bakgrunnen for saka:

Alvheim Eiendom AS er i følge Brønnøysundregistrene registrert med føremålet ”riving av bygninger og flytting av masse”. Nemnda har ikkje nærare kjennskap til bedrifta.

Bolga Velforening arbeider med å kartleggje kva stoff som er i det klagar oppfattar er eit belegg på sjøen i Bolgvågen. Vågen er ein terskelvåg rett sør for Kristiansund. Som eit ledd i dette, har Bolga Velforening teke kontakt med private verksemder i området med spørsmål om mellom anna utslepp.

Bolga Velforening meiner at Alvheim Eiendom AS deponerer asfalt og asbestholdige eternittplater på ein miljøfarleg måte. Klagar har stilt spørsmål til Alvheim Eiendom AS om dette. Då foreininga ikkje fekk svar, blei saka oversendt klagenemnda for vurdering.

Saksgangen:

Bolga Velforening sendte brev til Alvheim Eiendom AS dagsett 31. januar 2008 med spørsmål om deponeringsløyve, innhald og handtering av farlege stoff. Med bistand frå nemnda er det avklart at Bolga Velforening krev følgjande informasjon:

- 1. Innsyn i deponeringsløyve.*
- 2. Dokumentasjon på kva sandblåsesanda inneheld.*
- 3. Oversikt over kva verknader eventuelle skadelege stoff vil kunne ha i miljøet.*
- 4. Utgreiing om kva tiltak bedrifta gjer for å hindre spreiiing av eventuelt skadelege stoff til miljøet og vatnvegar.*
- 5. Datablad for dunkar og liknande som inneheld oljer/ kjemikaliar og som er observert utan merking.*

Då Bolga velforeninga ikkje fekk svar, klagde foreininga saka inn for klagenemnda i brev datert 10. april 2008. Vedlagt klagebrevet var kopi av brevet til bedrifta og bilete av det klagar meiner dokumenterer deponering av eternitt som inneheld asbest, fraksjonar av asfalt, sand og dunkar med kjemikaliar. Velforeninga har i klagebrevet til nemnda gjort greie for bakgrunnen for krava;

”Bolgvågen er en liten terskel våg rett syd for Kristiansund i gamle Frei Kommune. Denne har i lange tider vært eksponert for ulike utslipp fra industri i området. Disse utslippene belaster et større fjære område, et våtmarksområde og to badeplasser. Det er også verdt å ta med at dette området er mye brukt i fritidssammenheng og at man også har observert personer som plukker skjell i området. Samt at dette belegget setter seg på utlegg og tauverk for båter etc.

Det er derfor viktig for oss her inne å få en oversikt over hva dette belegget kan inneholde, og hva stoffer befolkningen som bruker strand områdene her eksponeres for. Det er også viktig for beboerne i området å få kartlagt utslippene for å kunne være med å presse fram en opprydning.”

Alvheim Eiendom AS fekk oversendt klagen og blei gjeve frist på tre veker for å sende inn tilsvar i saka. Innklaga svarte ikkje innan fristen.

Klagen ble sendt på nytt med oppmoding om at Alvheim Eiendom AS skulle signere og returnere mottakskvittering på at klagen var forkynt. Innklaga returnerte mottakskvittering til nemnda. Klagen var forkynt for Alvheim Eiendom AS den 5. september 2008.

Den 10. september mottok nemnda tilsvar frå Alvheim Eiendom AS som lyder slik:

- ”1. Eternitt – er dumpet av ukjent*
- 2. Asfalt – kan forekomme asfaltbiter i gravemasser – noe avgravd asfalt er mellomlagret*
- 3. Sandblåsesand er vel i utgangspunktet ren om den blir brukt til å blåse rent stål med,
(uren om den er brukt til å blåse maling av stål)*
- 4. Kjemikalier – ei diselkanne for fylling på gravemaskin som brukes på området.”*

Klagar fikk høve til å kommentere tilsvaret og gjorde dette i brev datert 11. september 2008. I brevet har klagaren fast ved klagen. Klagar meiner innklaga ikkje har svart godt nok og har bedt nemnda avgjerde saka.

Under saksførebuinga har nemnda forsøkt å få kontakt med Alvheim Eiendom AS på telefon for å få opplyst saka betre. Dette har ikkje ført fram.

Vurderinga frå nemnda:

Saka skal vurderast etter reglane i miljøinformasjonslova.

Det følgjer av miljøinformasjonslova (mil.) § 2 at omgrepet ”miljøinformasjon” omfattar faktiske opplysningar og vurderingar om miljøet, om faktorar som påverkar eller kan påverke

miljøet, og om helse, tryggleik og levekår i den grad dei blir miljøpåverka eller kan bli miljøpåverka.

Klagenemnda meiner at alle spørsmåla gjeld miljøinformasjon og går ikkje nærare inn på dette.

Etter mil. § 16 har ein rett til å få miljøinformasjon om *”forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.”* Utleveringsplikta etter mil. § 16 er knytt opp mot mil. § 9 om kva informasjon bedrifta pliktar å ha informasjon om. I mil. § 9 er ordlyden samanfallande sidan det heiter at private verksemdar *”plikter å ha kunnskap om forhold ved virksomheten, herunder dens innsatsfaktorer og produkter, som kan medføre en ikke ubetydelig påvirkning på miljøet.”*

Klagenemnda kjenner ikkje godt til kva verksemd Alvheim Eiendom AS driv. Tilsvaret frå innklaga er knapt og gjev ikkje mykje informasjon. Klagenemnda er oppretta etter mønster frå Forbrukartvistutvalet, jfr Ot.prp. nr 116 (2001-2002) s. 131. I mangel av særlege reglar for miljøinformasjonsnemnda finn nemnda å kunne leggje til grunn parallelle reglar for handsaminga som for Forbrukartvistutvalet. Det følgjer av lov 28. april 1978 nr 18 om behandling av forbrukertvister § 9 at når ein part ikkje *”har svart innen fristens utløp”* kan utvalet avgjere saka på grunnlag av dei opplysningane som er *”framkommet tidligere i saken med mindre disse strider mot vitterlige kjensgjerninger”*. Det er eit vilkår for slik *”fråværsavgjerd”* at parten ved forkynning er gjort kjent med konsekvensane. I denne saka ligg det føre eit tilsvaret som er så knapt at nemnda i hovudsak støttar seg til saksframstillinga til klagar.

Nemnda har ikkje opplysningar om at innklaga treng offentleg løyve for å kunne drive lovleg verksemd. Det er ukjent for nemnda om verksemda har deponeringsløyve eller ikkje. Dersom dei har slikt løyve, skal klagar få innsyn.

Alvheim Eiendom har kunnskaps- og informasjonsplikt om avfall på eigen eiendom. Mengd og type avfall ligg i kjerneområdet for kva som er miljøinformasjon som ein har krav på å få, jfr mil. § 16 jfr mil. § 9. Nemnda viser til forarbeida på side 155 i Ot. prp. nr 116 (2001-2002) der det går fram at;

”Når det gjelder avfall, vil som hovedregel opplysninger om avfallsproduksjon og -håndtering i de fleste virksomheter av noen størrelse være forhold som kan medføre « ikke ubetydelig påvirkning på miljøet ». Virksomheten vil derfor som hovedregel ha plikt til å ha kunnskap om hvilke typer avfall som oppstår i virksomheten, og hvordan dette avfallet håndteres, dvs. hvordan avfallet oppbevares, eventuelt sorteres og behandles, herunder om avfallet leveres til sluttbehandling eller gjenvinning.”

Ut frå klagen og dei vedlagte bileta dreier det seg i denne saka om relativt store mengder avfall. Det verksemda produserer og oppbevarer av avfall er eit tilhøve ved verksemda som bedrifta må opplyse om.

Vedtak:

Med heimel i Lov om rett til miljøinformasjon og deltakelse i offentlige beslutningsprosesser § 19 gjer nemnda dette vedtaket:

- Alvheim Eiendom AS AS må innan 30 dagar frå vedtaket er motteke svare på spørsmål 2-5.

Vedtaket er endeleg.

Vedtaket er særleg tvangsgrunnlag etter Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) kapittel 13 og kan bringast inn for domstolane.

Oslo, 20. oktober 2008

Ragnhild Noer
Leiar

Ørnulf Røhnebæk
Nestleiar

Andreas Pihlstrøm

Gunnar Bodahl-Johansen

Christine Molland Karlsen

Svein M. Søgner